

I Hualle – Qval - Kval (gnr. 114)

I Hualle: Namn i bøyingsform som truleg kjem av hvall, liten haug. Skrivemåten av namnet har vore ustø og skiftande. Der vart lenge skriva med forbokstaven Q. Namnet har elles eit særskild alderdomleg preg.

Av andre alders minne om mannsferd her på Kval i Saksumdalen er elles fleire fornfunn frå yngre jernalder. Her er såleis blant gravgods funne m.a. 2 ovale bronsespenner, ei saks av jern og eit munnbitt av jern.

I skrivne kjelder er garden nemnt i eit ennå bevart skinnbrev av 1330, som framleis skal vera på garden sørre Jørstad i Fåberg. Det er i denne originalen på pergament at namnet på Kval er skriva ”i Hualle”. I 1610 finn ein derimot gardnamnet skriva Hualenn, og brukaren er kalla Pouell Hualenn. Ein merkar seg elles at brukaren da vart ført i gruppa for ”Ødegaardsmend”. Fem år seinare finn ein i 1615 at gardnamnet er skriva ”Quall”, og det er da fortalt at jordgods til ”2 schind i Quall” hørde med i odelen til ”Ingebore Øre”. Etter nye ni år går det vidare fram at ”Poul Quar” sjølv var jord-eigande bonde til 3 skinn landskyld i ”bemeldte Quar”.

Men i 1645 hadde det vore brukarskifte på Kval, og den nye oppsittaren der, er da kalla Jon Quallen, men garden hans vart framleis ført i gruppa for ”Ødegaarder”. Det går vidare fram at husbonden Jon var gift, og at han da betalte den utskrivne ekstraskatten Kopskatten 1645 for kona si og seg sjølv og to vaksne personar elles med 1½ mark i pengar. Dette var under dei langvaruge krigane på 1600-talet, og i 1657 kom ein ny ekstraskatt: Kvegskatten 1657, så kalla fordi det da var krøtertalet på gardane som vart lagt til grunn ved utrekninga av skatten. Etter det fortel såleis skattelista for ”Quall” at buskapen der i den tid var: 2 hopper, 5 naut, 10 geiter og 8 sauer, og det var slett ikkje lite til ein ”ødegaard” å vera. Ein merkar seg elles at det atter hadde vore brukarskifte på garden, og at Lauridz Quallen da var brukar der. Meir om den mannlige arbeidskrafta på garden i den tid går elles fram av Mannkjønnsmanntalet frå 1665. Der er det dessutan fortalt at den samla landskyld av ”Qvall” da var 3 skinn, og av dette brukte Lauridz ein parsell til 1 skinn, medan broren Halvor Paalsen brukte ein parsell til 2 skinn landskyld. Det er vidare oppgitt at Halvor Kval da var 46 år og Lauridz Kval var 52 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Quallen” vidare fortalt at broren Halvor da hadde tatt over og var eigar og brukar av heile garden, altså Quallen av skyld 3 skinn. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 6 naut, og korntiende vart utreidd med 1¼ tønne, som altså svara til ei årsavling på 12-13 tønner. Dertil er det og om garden og gardsbruket fortalt at ”Engen er Ringe, och ligger till fieldtz, Schoug till gaards Nøtte, Wedtzlesetter till Sommerbeed.”

Ti år seinare var det i 1678 framleis Halvor som var eigar og brukar av ”Quallen”. Han betalde da den ekstra ”Leilendingsskatten 1678” med 2½ mark, som t.d. Hans Dahlby. Da det i 1694 vart delt ut 24 nye børsar til soldatene i Fåberg, var ”Poul Halvorsen Qvallen” blant dei som dekk den eine børsa. Same Poul Qval var og innvikla i ei rettsak i 1696, men vart frikjent. Om dette fortel elles ei utskrift av tingboka slik:

”Kval i Fåberg.
Bolling i Fåberg 25. juni 1696.

Poul Qval er innstevnt av kgl. Mayts. Foged Coldevin fordi han skal være skyld i en mann fra Ringsaker ved navn Hans Bræches dødelige avgang.

I følge vidnernes utsagn var Poul Qval og Hans Bræche forlikte, hvorfor Poul Qval frikjendtes”.

Da hadde det dessutan i mellomtida skjedd dei skifte at faren Halvor Kval var død, og det hadde vore arveskifte på ”Quallen i Faaberg”. Arvingane ved skiftet var forutan enka Helga Jonsdtr., dei 6 borna i ekteskapet. Dei var

- a. Poul, som altså var eldst, b. Joen, c. Halvor, d. Kiersten, e. Anne, f. Ellj.

Ein merkar seg og at arvebuet utgjorde brutto 82 rd. og netto 73 rd. Poul Halvorsen som vi alt kjenner litt til frå før, gifta seg så med Eli Christensdtr. og tok over som eigar og brukar av farsgarden. Men alt i 1691 døde så husrua Eli Christensdtr., og det var da atter dødsbuskifte på ”Quallen i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset Kval av skyld 3 skinn medregistrert i skiftebuet, som dermed utgjorde brutto 128 rd. og netto 108 rd. Arvingane ved skiftet var foruten enkemannen Poul Halvorsen dei to døtrene i ekteskapet, nemleg: 1. Helga, 2. Guro.

Enkemannen, husbonden Poul Halvorsen gifte seg så oppatt med Sigrid Knudsdotter, og dei fekk i sitt samliv 4 born. Det var:

1. Halvor f. 1697, 2. Paul, 3. Eli, 4. Anne f. 1699.

Etter dette brukte så husbonden Poul Halvorsen farsgarden Kval til han døde i 1703. Ved det skiftet har ein elles eit døme på at gardnamnet vart skrive ”Qualle”. Nitten år seinare er det i 1722 fortalt at ”Arne Lexhus av Faaberg gav skjøte til hans hustrus halvbror Halvor Poulsen Qval på 3 3/7 fetling jordegods i ødegaarden Qval i Saksumdalen”.

Året etter kom i 1723 matrikkelframlegget av 1723 med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om garden ”Qvahl” vidare fortalt at buskapen på garden atter hadde auka og var da: 2 hestar, 1 føl, 15 naut, 12 sauer og 10 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde da kring 3½ tønne. Ein merkar seg elles at det er oppgitt at Kval ligg i sollia og er tungbrukt, men jordarten der er god, dog litt koldlendt. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang og hustømmer, seter med god hamn og da 1 husmannsplass med brukande jord. Oppsittar på Kval var da Jacob Knudsen, den andre mannen til Sigrid Knudsdotter, som før hadde vore gift med før avdøde Poul Halvorsen. Ni år seinare fekk i 1732 Halvor Poulsen f. 1697 søskenskjøte på ”hans odelsgård Qvalen i Saksumdalen.” Av same året er og ei sak som her er av interesse, og som etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Qvalen i Faaberg.

8. okt. 1732

Besiktigelse av grd. Qvalen i Saxumsdalen. Eies og beboes av Halvor Poulsen. Skyld 3 skind. Oppsidderen forklarte at han på garden årlig kan så 3½ tønne bygg og holder 3 hester, 16 nôt, 20 sauer og 8 gjeter. Han har et husvære under gården, sæter i almindingen og skog til husnytte, dog i sameie med andre. Derpå beså man gårdens aker, som var av nogen vidde, men meget stenig og skjærlendt.* Gården ligger høit hvorfor kornet i froståringer tager skade. Skyldsettes for 9 skind.”

* Ordet ”Skjærlendt” tyder etter Ivar Aasen: Jord som er ”grund og stenig”.

Halvor Poulsen, som i 1732 hadde Kval, var da gift med Anne Erichsdr. Wedum, også født i 1697, og dei fekk to born.

a. Jacob f. 1725,

b. b. Sigrid f. 1728, gift i 1750 med Christen Erichsen Sønsteli.

Men husbonden Halvor Poulsen døde i 1745, berre 53 år gamal, og det var da atter dødsbuskifte på "Kval i Faaberg". Jordegodset i arvebuet, garden Kval av skyld 1 hud, vart da verdsett til 200 rd., og skiftebuet utgjorde dermed brutto 806 rd. og netto 570 rd.

Arvingane ved skiftet var forutan enka Anne Erichsdr. f. Wedum, dei to før nemnte borna: 1. Jacob, som da var 31 år, b. Sigrid, som var 21 år.

Enka Anne Erichsdr. brukte så sjølv garden Kval til i 1750, da sonen Jacob Qval fekk skjøte på garden som odelsarving. Frå året etter er ein bygselseddel som også er av interesse, og som etter utskrift av panteboka har denne ordlyden:

"Qvalsstuen.

Bøxelseddel dat. 14. juni 1751 tgl. 18. juni s.å.

Fra Jacob Halvorsen Qvahl av Fåberg prestegjeld til Ole Mogensen på en hans gård Qvahl til og underliggende husmannsplads Qvahls Stuen kaldet inden gårdens akerjorde beliggende".

Jacob Halvorsen, den nye husbonden på Kval, gifta seg i 1751 med Kari Larsdr. Rindal i Saksumdalen, og dei fekk fleire born. Det var: a. Anne f. 1752, g. 1786 m. Johs. Erichsen Mitlien, Brøttum, b. Halvor f. 1753, c. Lars f. 1755, d. Paul f. 1757, e. Erich f. 1759, f. Sigrid f. 1761, død 1763, g. Sigrid f. 1763, gift 1780 med enkemann Ole Iversen Dalby.

Men husbonden Jacob Halvorsen døde alt i 1765, berre 40 år gamal. Enka Kari Larsdr. Qval gifta seg så i 1766 oppatt med Ole Olsen Oudenus, og dei fekk i sitt ekteskap sonen Jacob f. 1767. Etter det levde elles husfruen berre 8 år til i 1773, og det var da same året arveskifte på "Qval i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset i arvbuet, grd. Qval, taksert til 200 rd., og arvebuet utgjorde brutto 736 rd. og netto 671 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Ole Olsen dei 7 borna som vi før kjenner litt til. Det er opplyst at odelsarvingen Halvor Jacobsen da var 19½ år. Så å seia samtidig fekk så odelsarvingen Halvor Jacobsen skjøte på farsgarden Kval for kjøpesum 400 rd.

Halvor Jacobsen Kval f. 1753 gifta seg med Anne Olsdr. og dei fekk i sitt samliv 8 born, nemleg:

a. Kari f. 1781, b. Sigrid f. 1783, c. Jacob f. 1786, d. Anne Maria f. 1788,

e. Ole f. 1790, f. Anne f. 1792, g. Berte f. 1796, h. Marta f. 1798

Av 1779 er ei tinglese kontrakt mellom Peder Christensen ved Dalby og Halvor Jacobsen Qval. Kontrakten gjeld plassen Svebakken og har etter utskrift av panteboka denne ordlyden.

"Svebakken.

Kontrakt dat. ?? tinglest 7. oktober 1779.

Peder Christensen ved Dahlby er forenet med Halvor Jacobsen Qval om at sistnevnte skal nyde en plads under førstnevntes påboende gård Svebakken kaldet mot å betale årlig husleie 2 rd. de første otte år og siden for hvert år 3 rd., og det enten med slått eller kornskår eller andet arbeide som han best behøver".

Frå femten år seinare er ein kontrakt av 1794 der Jacob Olsen Sveen ell. Oudenus og kona hans leiger plassen Qvalstuen for deres levetid mot å betale 200 rd.

Husbonden Halvor Jacobsen Qval brukte så ættegarden Qval vidare til i 1799, da han og Lars Hasselknippe ”av Redalen i Ringsaker” makeskifta grd. Qval mot grd. Hasselknippe.

År 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 4 familiar på og/eller ved ”Qvalen”.
Dei var:

1. familie:

1. Lars Andersen, husbonden, 52 år,
2. Clara Siversdtr., kona hans, 53 år
3. Siver Larsen, eldste sonen, 25 år,
4. Hovold Larsen, 22 år
5. Even Larsen, 16 år
6. Peder Larsen, 13 år
7. Agnete Larsdtr., eldste dotter, 20 år
8. Else Larsdtr., 8 år
9. Berit Erichsdtr., tenestkvinne, 56 år
10. Knud Knudsen, ”Nyder Lægd”, 63 år
11. Bent Olsen, tenestkar, 54 år

2. familie:

1. Peder Olsen, ”Inderste uden Jord og gaar i Dagleie, 30 år
2. Anne Pedersdtr., kona hans, 38 år
3. Ole, son deres, 3 år.

3. familie:

1. Christen Olsen, husmann med jord, skomaker, 30 år
2. Kari Olsdtr., kona hans, 44 år
3. Kari Christensdtr., ”gaaer i Dagleie”, 44 år

4. familie:

1. Iver Olsen, husmann med jord, 49 år
2. Eli Erichsdtr., kona hans, 48 år
3. Ole, son deres, 12 år
4. Erich, son deres, 4 år
5. Sigrid, dotter deres, 9 år
6. Kirsti, dotter deres, 6 år
7. Anne, dotter deres, 1 år

Vi skal her legge til at dottera på garden, Agnete Larsdtr. i 1821 vart gift med Peder Eriksen Venset ved Jevne Glasverk, og vidare vart sonen Peder Larsen i 1845 gift med Rønnaug Olsdtr. v. Hovland, og dottera Else Larsdtr. vart i 1821 gift med Hans Larsen Dalby.

Av 1808 er ei takst på garden Qval, framleis av skyld 1 hud, og garden vart da verdsett til 1000 rd. Men to år seinare gav i 1810 faren Lars Andersen skjøte på grd. Qval til sonen Syver Larsen f. 1776 kjøpesum 1200 rd. og føderåd til foreldra Lars Andersen og Clara Siversdtr. Dermed er vi på denne vår ferd kome inn i tider med sviktande pengeverdi, og ved ei takst av grd. Qval i 1812 vart garden verdsett til 5000 rd.

Sju år seinare kom i 1819 matrikkelframlegget for Fåberg av 1819 med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om garden "Qvahl" oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var: 4 hestar og 24 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 56 tønner. Vidare er det og oppgitt at det til Kval i den tid hørde 3 husmannsplassar.

Etter atter 3 år var i 1822 husfrua Berit Bentsdr. f. 1790 død, og det var som så mange gonger før dødsbuskifte på "Qval i Faaberg". Ved dette skiftet var garden Qval delt, og den eine halvparten som hørde arvebuet til, vart verdsett til 1000 rd. Arvebuet i det heile utgjorde elles brutto 1362 rd. og netto 734 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Syver Larsen dei 4 borna i ekteskapet. Av dei var eldste sonen Even da 10½ år, dottera Christence var 8 år, sonen Christian var 8 år, og dottera Berte var 2 år.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Garden Qvalen var da framleis delt i to løpenr., nemleg:

- a. løpenr. 42 a Qvalen av skyld 7 dalar 2 ort 23 skilling, som Even Olsen (Lien) hadde tilhandla seg
- b. løpenr. 42 b Qvalen av skyld 4 ort 18 skilling, som føderådsmannen Syver Larsen framleis hadde.

Men i 1839 var det Peder Larsen som hadde dette løpenr. 42 b, som han da selde til Even Olsen. Even Olsen brukte så garden samla til i 1860, da han fekk skyldsett ifrå eit mindre bruk av Kval. Året etter, altså i 1861, selde han så resten av garden, som da er kalla Qvalen søndre til Tron Engebretsen Lien og Arne Olsen Studslien for kjøpesum 5000 spd.

Fire år seinare kom i 1865 den nye folke- og jordbrukstellinga og i samband med den fleire opplysningar om gardane. Der er det om løpenr. 42 "Qval" vidare fotalt at garden da var utparsellert i 9 bruksnummer og at det Qval som Anders da brukte hadde eit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje på ca. 139 mål, og av dette var 48 mål jord av 1 klasse. Samtidig var så dei tilsvarande areal på den garden Qval som Arne framleis åtte: 214 mål og 36 mål. Dessutan er det oppgitt at dei tilsvarande areal i Storsveen var 135 mål og 21 mål, og i Stuejordet: 36 mål og 8 mål.

I ei mellomtid frå 1862 til 1874 merkar ein seg elles at det da var ein skolelærer av namn Knud Sæbø som åtte og visstnok budde på "Qval Mittre", som den av Qvalsgardane da er kalla. Men i 1874 selde så lærar Knud Sæbø "mittre Qual" til Ole Gundersen for kjøpesum 400 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Der i matrikkelen av 1886 finn ein så gardnamnet skrive "Kval", og garden fekk som sitt nye gardsnummer nr. 114 av samla skyld 16,00 mark. Ein merker seg og at det alt da var 16 bruksnummer under gardsnummer 114 Kval. Dei 16 bruksnummer var:

Grn 114

brn 1 Kval søndre, der Arne og Anders Halvorsøner da var eigarar ell. brukarar

brn 2 Storsveen m.m. der Jakoc Olsen var eigar ell. brukar.

brn. 3 Kval nordre, eigar ell. brukar Simen Hansen og Berte Hansdr.

brn. 4 Stueløkkjordet og Myrliuengen, som Mathias Olsen Øiresengen da var eigar ell. Brukar av.

brn. 5 Skreppengen, eigar ell. brukar Peder Olsen Kval.

- brn. 6 Kval mellom, eigar ell. brukar Mathias Kristensen.
- brn. 7 Lybæk og Ringen, som Johan Olsen Lybæk var eigar ell. brukar av
- brn. 8 Ringen, som Peder Kval var eigar ell. brukar av.
- brn. 9 Lillesæteren, som Anders Hovland var eigar ell. brukar av.
- brn. 10, 11 og 12 Engeland og skog, som da tilhørde B. & O. Lundgaard.
- brn. 13 Lillesæteren, som og tilhørde Anders Hovland.
- brn. 14 Skog, som Jacob Woksen og Matias Gustum hadde tilhandla seg.
- brn. 15 Kval nordre, der Ole Kristensen Øversveen var oppsittar.
- brn. 16 Skog, som tilhørde Iver Eriksen Berg.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at:

Grn. 114 brn 2 Storsveen m.m. var overtatt av P. Larsen Dahlbyengen, Otto Olsen hadde kjøpt brn. 3 Kval nordre, og Arnt Pedersen hadde kjøpt brn. 5 Skreppengen, vidare hadde Otto Olsen og kjøpt brn. 6 Kval mellom, og Ole Jonsen hadde overtatt brn. 7 Lybæk og Ringen, brn. 8 Ringen var overtatt av Arnt Pedersen, og Lillesæteren, Vehltsætra, var overtatt av Anders, Gunvald og Arne Halvorsøner og A. Olsen Saksum. Vidare var da brn. 14 overtatt av Gustumskogenes Interessentskab, og Arnt Pedersen hadde tilhandla seg brn. 15 Kval nordre, og Simen Myhre brn. 16 Skog. Dessutan hadde Hallsten Lilleulland og kjøpt eit nytt brn. 17 Storsveen søndre. Same året kjøpte og Iver Holtklampen grn. 114 brn. 1 Kval.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 femten personar med røysterett på eller ved Kval. Dei 15 personane var:

1. gardbr. Otto Olsen, Kval nordre, 43 år
2. Kristine Kval, kona hans, 43 år
3. føderådsmann Matias K. Kval, 70 år
4. gardbr. Iver Holtklampen, Kval søre, 50 år
5. Agnete Holtklampen, kona hans, 49 år
6. gardbr. Kristian Stueløkken, 60 år
7. arbeidar Martinius A. Bækkemellem, Stueløkken, 38 år
8. gardbr. Peder Larsen Storsveen, 81 år
9. gardbr. Haltsein Andersen, Storsveen, 35 år
10. Anne Storsveen, kona hans, 30 år
11. gardbr. Arnt P. Ringen, Kval, 43 år
12. Elise Torsdtr., kona hans, 44 år
13. gardbr. Ole Jonsen Lybæk, 68 år
14. Kirsten Lybæk, kona hans, 63 år
15. arbeidar Johan Olsen, Lybæk, 30 år

Av handlar i seinare tid med Kval eller parsellar av Kvalsgardane tek vi her elles med at i 1913 kjøpte Peder O. Ravneberg brn. 17 Storsveen søre, og i 1926 overtok Sigurd Kval grn. 114 brn. 1 Kval etter faren Iver Holtklampen, og Johannes Døsrønningen kjøpte i 1930 grn. 114 brn. 8 Kvalsringen av Fåberg Kommune. Vidare overtok i desse seinare år Magne Brekke gnr. 114 brn. 5 Solberg, og Ingvald Kval brn. 6 Kval og Oline Sønsteli brn. 17 Storsveen søre. Vidare overtok i seinare tid Ingvald Kval gnr. 114 brn. 22, 6, 3, og Martin Kval gnr. 114 brn. 23 Oddland.

Ved jordbruksregistreringa av 1939-40 var det etter dette 9 bruksnr. under grn. 114 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 9 gardsbruk var:

- a. Grn. 114 brn 1 Kval søndre med eit jordbruksareal på 55 mål, som Sigurd Kval var eigar og brukar av.
- b. Grn. 114 brn. 2, 19 Storsveen nordre med eit jordbruksareal på ca. 25 mål, som Kristian Øversveen var eigar og brukar av.
- c. Grn. 114 brn. 5 Solberg, jordbruksareal ca. 25 mål, eigar og brukar Magne Brekke.
- d. Grn. 114 brn. 6 Kval jordbruksareal ca. 15 mål, som Ingvald Kval var eigar og brukar av.
- e. Grn 114 brn 7 Lybæk, jordbruksareal ca. 20 mål, som Johan Lybæk var eigar og brukar av.
- f. Grn. 114 brn. 8 Kvalsringen, jordbruksareal ca. 25 mål, som Johannes Døsrønningen var eigar og brukar av.
- g. Grn. 114 brn. 17 Storsveen søre, jordbruksareal ca. 40 mål, som Oline Sønstelid framleis var eigar og brukar av.
- h. Grn. 114 brn. 3, 6, 22 Engstad, jordbruksareal ca. 70 mål, eigar og brukar: Ingvald Kval.
- i. Grn. 114 brn. 23 Oddland, jordbruksareal ca. 30 mål, som Martin Kval var eigar og brukar av